

FISKERIDIREKTØREN

Ark.no. 432-1

Bergen, 18.12.1985
OM/BSH

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 164/85

FORSKRIFT OM REGULERING AV FISKET ETTER BRISLING I NORDSJØEN I 1986.

Fiskeridepartementet har den 16. desember, med heimel i lov av 3. juni 1983 nr. 40, om saltvannsfiske m.v. §§ 4 og 5 fastsett:

§ 1

Det er forbode å fiska brisling i ICES statistikkområde IV i EF-sona i Nordsjøen.

Utan hinder av forbodet i første ledd kan norske farty fiska inntil 10.000 tonn brisling i nemnde område.

Fiskeridirektøren kan fastsetja turkvotar.

Fiskeridirektøren kan stoppa fisket når kvoten i andre ledd er pårekna oppfiska.

§ 2

Farty som skal delta må meldt frå til Noregs Sildesalslag eller Feitsildfiskernes Salgslag før utsegling til feltet.

§ 3

Brislingfangstar kan inneholde inntil 10% sild i vekt ved kvar landing.

§ 4

Fiskeridirektøren kan gje nærmere forskrifter om gjennomføringa og utfyllinga av denne forskrifta, herunder fastsetja utseglingsstopp.

§ 5

Aktlause eller forsettleg brot på forskrifta her, eller forskrift gjeve med heimel i denne og medverknad til slike brot, blir straffa med bøter, jfr. lov av 3. juni 1983 nr. 40 om saltvassfiske m.v. § 53.

§ 6

Denne forskrifta tek til å gjelda 1. januar 1986.